

### **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014**

**Kristian Helland** (Krf) stilte spørsmål til om leiaren for utvalet har vurdert om det er for mange saker sett opp på sakskartet til dette møtet. Helland har også ønskje om å få store planar utsendt på papir.

Utvalseleiaren informerte om at ein vil innføre ny praksis der sakslista vil bli tatt opp til vurdering med utvalsleiaren i forkant av kvart møte i framtida. Administrasjonen informerte om at Hordaland fylkeskommunen har innført fullelektronisk sakshandsaming, og ingen saker blir sendt ut på papir. Hellands ønskje om å få tilsendt store planar på papir blir teken til etterretning.

**Marianne Bjørøy** sette fram slikt forslag:

«Sak 59, 60, 61, 62, 63, 64 og 65 utsettes til møte i kultur- og ressursutvalet i juni 2014.  
Sak 67 fordeling av spelemidlar, behandles i dette møtet»

**Anne-Beth Njærheim** (V) sette fram slikt forslag i samband med ekstra sak 73/14 lagt fram i møte:

«Kultur og ressursutvalet godtek at ny sak 73/14 vert lagt fram og handsama i møte.»

#### **Røysting**

Bjørøy sitt forslag fekk 4 røyster (Ap og MDG v/Tomren) og fall.  
Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kultur og ressursutvalet godtek at ny sak 73/14 vert lagt fram og handsama i møte.

Elles ingen merknad til innkalling og sakliste.